

RETNINGSLINJER for NAMNA MINNELUND PÅ FRUGARDEN GRAVPLASS i STORD KOMMUNE

Vedteke i Stord kyrkjelege fellesråd den

Godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd den

Vedtektene er heimla i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om "gravplasser, kremasjon og gravferd" (Gravferdsloven) § 21.

Forvaltning av gravplassane, kremasjon og gravferd vert regulert av :

- ☐ Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) av 7. juni 1996 nr. 32 - sist endra 01.01.2021
- ☐ Forskrifter til lova fastsett av dept. 01.01.1997 i medhald av gravferdslova §§ 2, 4, 25 og 26. Sist endra 01.01.2021
- ☐ Lokale gravplassvedtekter frå 05.04.2017.

§ 1 FORVALTNING

Gravplassane i Stord er underlagt Stord kyrkjelege fellesråd (FR) sin administrasjon og ansvarsområde.

I Stord kommune er det namna minnelund på Frugarden gravplass.

§ 2 GRAVLEGGING PÅ NAMNA MINNELUND

Den namna minnelunden består av urnegraver.

Pårørande kan velga om dei vil vera med eller ikkje når urna skal setjast ned på den namna minnelunden.

Det er høve til å leggja ned ein enkel blom og/eller lys berre den dagen urna vert sett ned. Dette vert fjerna av tilsette på gravplassen dagen etter.

§ 3 FREDNINGSTID OG FESTETID

Fredningstid for urnegraver er 20 år.

Festetida er normalt 5 år, men kan etter avtale med kyrkjevevja vera inntil 20 år.

§ 4 FESTE AV GRAV

Det er ikkje høve til å festa grava ved sida av.

§ 5 GRAV OG GRAVMINNE

På namna minnelund er det ikkje høve til å setja opp eigne gravminne, men kun namneplate i bronse med avdøde sitt namn, fødselsdato og dødsdato. Denne vert festa på granittveggen ved den namna minnelunden. Det er berre høve til å ha 1 namn på kvar bronseplate. Ektefeller/sambuarar/partnarar kan reservera plass til namneplater ved sida av kvarandre.

Det vert nytta ein type namneplater som vert fakturert av gravminneleverandør.

Namneplata vert fjerna når grava vert sletta.

På namna minnelund slepp pårørande å ha ansvaret for planting , stell og vedlikehald. Pårørande kan leggja ned blommar og tenna lys på tilvist stad på minnelunden. Dette vert fjerna av tilsette på gravplassen når dei vurderer det som naudsynt.

Det er ikkje høve til å setja ned blommar/lys andre stader på den namna minnelunden.

Det vert elles vist til lokale gravplassvedtekter frå 05.04.2017.